# Analyse av økonomisk driftsnivå i Alver kommune

## Delrapport Oppvekst

Juni 2024

pwc



# Forord

Alver kommune oppstod som ein felles kommune ved inngangen til 2020. Samanslåinga av dei tidlegare Lindås, Meland og Radøy kommune var resultatet av ein prosess som hadde strekt seg over mange år og fleire kommunestyreperioder.

Som mange andre kommunesamanslåingar som var ein del av den større kommunereforma, blei Alver etter berre få veker satt på ein alvorleg prøve som organisasjon som følge av Covid-pandemien, og deretter utfordringar knytt til usikkerheit som følge av Russlands angrep på Ukraina.

Kommunestyret i Alver beslutta i 2023 at det skulle gjennomførast ei vurdering av Alver kommunes overordna organisering, og vurdering av tiltak for å sikre ein berekraftig økonomi og drift av kommunen.

PwC har gjennomført ei rekke vurderingar og prosjekt saman med Alver kommunes administrasjon det siste året. Arbeidet har vore delt inn i ulike fasar, der fase 1 var ei overordna vurdering av organiseringa. Fase 1 rapporten blei levert i februar 2024, parallelt med at arbeid på fase 2 starta opp. Fase 2 går i djupna på økonomiske analysar og forslag til tiltak for å sikre ein berekraftig økonomi. Arbeidet i fase 2 dokumenterast gjennom ulike delrapportar.

Ansvarleg partnar for PwC sitt arbeid er Frode Myrdal, og direktør Robert Rastad er prosjektleiar. Ei rekke andre medarbeidarar har deltatt i arbeidet med dei ulike delrapportane, og spesielt Peder Heggdal, Ingeborg Ese Haga og Erika Samset har vore sentrale i dei faglege vurderingane i delrapportane for Helse og omsorg og Oppvekst.

Som i fase 1, har den gode dialogen mellom PwC, kommunalsjefane, leiarar og tillitsvalde fortsett også gjennom heile fase 2. Det har vore mykje kontakt og dialog, både gjennom møter, prosjektgrupper, arbeidsverkstader og samtalar med enkelttenester eller enkeltpersonar. PwC vil rosa leiarane i Alver kommune for den særs konstruktive og framoverlente haldninga dei har vist til dei tidvis krevjande prosessane dette arbeidet representerar. Vi ønsker å takke tilsette i Alver for den tillit og openheit dei viser i arbeidet med desse krevjande tema, slik at PwC gjennom open dialog kan gjennomføre ulike vurderingar undervegs i arbeidet.

Dei anbefalingane som er fremma i denne rapporten er heilt og haldent PwC sine anbefalingar, og dei som har delteke i prosessane har ikkje ansvar for det som no presenterast i dei følgande delrapportene.

Frode Myrdal, partner

Robert Rastad, direktør

# Denne delrapporten er ein del av eit større prosjekt i Alver kommune

## Fase 1




I februar leverte PwC ein rapport, kalla fase 1, som tok føre seg kommunens overordna organisering og struktur, og anbefalte ei rekke tiltak.

## Fase 2







Allereie før levering av evalueringa i fase 1 blei det iverksett ein fase 2 som skulle fremme konkrete forslag til innsparingar for kvar av kommunalavdelingane. Det har no resultert i to delrapportar; Delrapport Helse og omsorg, samt Delrapport Oppvekst.

# Det er nødvendig å forklare nokre sentrale omgrep og korleis dei vert brukt i rapporten

**Fådelt/ fulldelt skule:** Ein fådelt skule er ein barneskule med få elevar, der elevane blir undervist i klassar eller grupper der fleire klassetrinn får undervisning saman. Ein fulldelt skule er ein barneskule med minst ein klasse per årstrinn, og elevar på same årstrinn blir undervist i same klasse eller gruppe.

**Lærarnorm** (skule): Lærernorma er ei norm for lærertettleik og seier at det i ordinær undervisning skal vere maksimalt 15 elevar per lærar på 1.til 4. trinn, og maksimalt 20 elevar per lærar frå 5. til 10. trinn. Særskilt norskopplæring og spesialundervisning er utelatt frå desse tala. Lærernorma ble vedtatt i 2017, og skjerpa til dagens tal frå august 2019. Tal fra UDIR viser at det for skuleåret 2022-2023 var 89% av norske skular som oppfylte lærernorma for 1. til 4. trinn, mens 96% av skulane oppfyller for 5. til 7. trinn, og 92% for 8. til 10.trinn*. Samtlege skular i Alver oppfyller norma, og enkelte med god margin.

**SFO** Alle kommunar skal ha eit tilbod om skulefritidsordning (SFO) før og etter skuletid for 1.-4. klasse, og for barn med særskilde behov for 1.-7. klasse. Kommunen plikter å ha eit SFO-tilbod gjennom skuleåret, men er ikkje pliktig å ha et tilbod i skuleferiane. SFO regulerast gjennom Rammeplan for SFO. SFO skal vere basert på eit sjølvkostprinsipp for kommunen. Foreldrebetaling vert fastsett av kommunestyret i samband med den årlege budsjetthandsaminga. Ikkje alle skular i Alver tilbyr SFO i 11 månader, men elevar frå andre skular vil få tilbod om SFO i den 11. månaden på ein av dei skulane som tilbyr heilårsplass.

**Skuleskyss** Opplæringslova § 7-1 fastset at "elevar i 2.-10. årstrinn som bur meir enn fire kilometer frå skulen har rett til gratis skyss. For elevar i 1. årstrinn er skyssgrensa to kilometer. Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skuleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda".

**Pedagognorm** (barnehage): Barnehagar skal ha minst éin pedagog (barnehagelærar eller anna treårig pedagogisk utdanning på høgskulenivå med vidareutdanning i barnehagepedagogikk) per 14 barn. For små barn (under 3 år) skal det vere éin pedagog per 7 barn. Barn under tre år tel dobbelt i utrekninga, slik at barnehagar med ulik alderssamansetning blir samanliknbare.

**Bemanningsnorm** (barnehage): Barnehagar skal ha minst éin tilsett per seks barn (éin tilsett per tre barn under 3 år). Bemanningsnormen utgjer ei grunnbemanning som viser antal barn per tilsett. Dette gjeld dei tilsette som jobbar direkte med heile barnegruppa. Barn under tre år tel dobbelt i utrekninga, slik at barnehagar med ulik alderssamansetning blir samanliknbare.

**Driftstilskot til private barnehagar** (barnehage): Private barnehagar får eit driftstilskot som består av kommunens gjennomsnittlege ordinære driftsutgifter per heiltidsplass i tilsvarande ordinære kommunale barnehagar, fråtrekt administrasjonskostnader, pensjonsutgifter og arbeidsgivaravgift på pensjonsutgifter. Private barnehagar får også eit kapitalskot per barnehageplass til dekning av rente- og avskrivningskostnader. Kapitalskotet reduserast med barnehagens alder.

**Arealkapasitet** (barnehage): Når ein reknar på barnehagekapasitet ser ein ofte på arealkapasiteten i bygget. Dette då små og store barn krever ulikt antal kvm. Eit stort barn (2-5 år) krever 4 kvm, og eit småbarn (0-2 år) krever cirka 5,2 kvm. Ein arealplass for eit stort barn er i rapporten rekna som 1, og for eit småbarn er ein arealplass rekna som 1,3. Derfor vil brukt arealkapasitet alltid vere litt høgare enn antal barn.

*https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-grunnskole/analyser/fakta-om-grunnskolen/status-for-larernormen/&sa=D&source=editors&ust=1717583652507083&usg=AOvVaw3_6J0sCPyWM8mzr774DhR1

# Ansvar

Denne rapporten er utarbeida for internt bruk i Alver kommune i samband med mandat og avklaringar undervegs i arbeidet.

Våre vurderingar bygger på faktainformasjon som har framkomme i dialog og arbeidsverkstader med Alver kommune sine tilsette og i dokumentasjon som Alver kommune har gjort tilgjengeleg for PwC, samt tal frå offentlege oversikter. PwC har ikkje gjennomført ei sjølvstendig verifisering av informasjonen som har framkomme, og står ikkje inne for at den er fullstendig, korrekt og presis. PwC har ikkje utført nokon form for revisjon eller kontrollhandlingar av Alver kommune si verksemd. Alver kommune har rett til å nytte informasjonen i denne rapporten i si verksemd, i samsvar med avtalen mellom Alver kommune og PwC.

PwC tek ikkje på seg ansvar for tap som er lidt av Alver kommune eller andre som følge av at rapporten eller utkast til rapport er distribuert, attgiven eller på anna måte nytta i strid med desse føresegna eller avtalen. Ved deling av heile eller delar av rapporten skal Alver kommune sikre at ei kvar ansvarsfråskriving PwC har inkludert eller seinare ønsker å inkludere i rapporten, blir attgiven i sin heilskap i alle eksemplar som delast.

Alver kommune får rettane til resultatet av oppdraget når betaling har skjedd, mens PwC beheld opphavsrett og alle andre immaterielle retter til alt bakgrunnsmateriale, herunder, men ikkje avgrensa til, idear, konsept, modellar, informasjon og faginnsikt som er utvikla i samband med vårt arbeid. Alver kommune kan ikkje vidareutvikle resultatet under PwC-logo. Ei kvar handling som gjennomførast på bakgrunn av rapporten vert gjort på eige ansvar.



# Innhaldsliste

**Fellesdel for delrapportene**

1 Mandat og bakgrunn

2 Overordna samandrag og prosess

3 Oppdaterte kostraanalysar

**Delrapport Oppvekst**

4 Bakgrunn for delrapport oppvekst

5 Datagrunnlag og berekning

6 Oversikt over anbefalte tiltak og tidshorisont

7 Analysar og tiltak per tenesteområde
Skule
Barnehage
Helsestasjon og jordmortenesta



# 1.
# Mandat og bakgrunn

# Mandat

Kommunestyret i Alver kommune vedtok i samband med budsjett-handsaminga 2024 at "Kommunestyret ber om at kommunedirektøren kjem tilbake med forslag til kutt i utgifter på minst 150 millionar, og ber om at dette vert levert seinast innan juni 2024. Kommunestyret viser til evaluering av organisasjonsprosjektet, med leveranse februar 2024, og vil arbeide vidare med økonomiplan 2025-2028 og konkrete forslag til tiltak etter levering av dette prosjektet. Kommunestyret ber om at det vert bestilt ein rapport frå PwC med konkrete forslag til tiltak som samsvarar med utfordringsbilete på tenestenivå, og at denne vert bestilt som ei oppfølging av evaluering av organisasjonen".

Kommunedirektøren ba derfor 17. januar 2024 PwC kome med eit løysingsforslag for metode, gjennomføring, medverknad, prosess og milepælsplan, basert på vilkåra i rammeavtalen som er inngått mellom Alver kommune og PwC. Det var eit ønske at det vart retta fokus på KOSTRA der samanlikningsgrunnlaget skal vere snittet av kommunegruppe 9, eventuelt at det innanfor einskilde område også vert gjort vurderingar opp mot kommunar med lik demografi og størrelse. Ein føresetnad for arbeidet var at det vart lagt fram tiltak på størrelsesorden 200 millionar kroner.

Kommunedirektøren føresette at det vart lagt til rette for gode medverknadsprosessar med leiarar på alle nivå i organisasjonen og med hovudtillitsvalde og hovudverneombod.

Tiltaka skulle vere basert på nedtrekk av årsverk, strukturendringar, avvikling av tenester eller aktivitetar, og andre relevante nedtrekk/kutt i omfang av tenestene. Det vil også vere relevant å sjå på tilskotsordningar, interkommunale samarbeid, regionråd, fellesløysingar med andre kommunar m.m.




Kommunalsjefane saman med leiarane i tenestene har iverksett mange prosessar allereie for å gjere nedtrekk. God dialog og samhandling med kommunalsjefane var derfor ein føresetnad for å lykkast med å definere tiltak.

PwC har hatt tett kontakt med kommunalsjefane og leiare gjennom prosessen, både gjennom møter, prosjektgrupper, arbeidsverkstad og samtaler med enkelttenester eller enkeltpersonar.

Leveranse i juni 2024 har undervegs i prosessen blitt avgrensa til å gjelde delprosjektrapportar for sektorane Helse og omsorg og Oppvekst. Dei andre sektorane bistår PwC etter behov knytt til samanslåingsprosessar og vurdering av tenesteområder og avdelingsstrukturar.

# Bakgrunn

PwC gjennomførte hausten og vinteren 2023/24 ei evaluering av om organiseringa av Alver kommune legg til rette for ei berekraftig og framtidsretta drift. Den første rapporten, omtalt som fase 1, vart levert 8. februar 2024 og tok føre seg kommunens overordna organisering og struktur, og anbefalte ei rekke tiltak.

Ei hovudanbefaling var å redusere antal kommunalavdelingar frå seks, til ein struktur med tre kommunalavdelingar og ei organisasjonsavdeling. PwC anbefalte vidare at sektorovergripande funksjonar i kommunalavdelingane flyttast til den nye organisasjonsavdelinga. I første fase vart det foreslått at dei ytre rammene for dei to store kommunalavdelingane Helse og omsorg og Oppvekst blei behaldt stort sett som tidlegare, mens samanslåingar og endringar i hovudsak som følge av fase 1 skulle skje på dei andre avdelingane.

Rapporten påpeikte likevel at det var behov for til dels betydelege grep på tenesteområda innan Helse og omsorg og på oppvekst. Grepa vil vere nødvendig både av omsyn til økonomisk berekraft, men også for å handtere framtidig rekrutteringsbehov og endra demografisk samansetning i kommunen.

PwC framheva i rapporten i fase 1 at det ville kreve mykje av administrasjonen å gjennomføre dei prosessane som blei anbefalt, og deretter å gjennomføre endringar. PwC understrekte vidare at det var særs viktig med god dialogen mellom politisk nivå og administrasjonen for å underbygge organisasjonens endringsarbeid i denne perioden.




*PwC rapport, fase 1: Organisasjonsgjennomgang Alver kommune*

Allereie før levering av evalueringa i fase 1 blei det iverksett ein fase 2 som skulle fremme konkrete forslag til innsparingar for kvar av kommunalavdelingane. I etterkant er arbeid på ei rekke av tiltaka blitt iverksett. Parallelt med fase 2 rapporten pågår det arbeid med samanslåing av ny avdeling Organisasjon og ny kommunalavdeling Samfunnsutvikling. Sistnevnte er ei samanslåing av kommunalavdelingane Teknisk forvaltning og drift og Samfunnsutvikling. I dei to delrapportane som vert presentert i juni 2024 er det hovudfokus på kommunalavdelingane Helse og omsorg og Oppvekst.

# Alver kommune må sikre langsiktig økonomisk berekraft

Som rapporten i fase 1 viste driftar Alver kommune til dels mykje dyrare enn andre samanliknbare kommunar. I tillegg er Alver kommune i ein alvorleg økonomisk situasjon, og dagens drift er ikkje berekraftig.

Kommunestyret har vedtatt måltal for kommunens budsjett, som vil gi kommunen ein berekraftig økonomi framover.
Dei økonomiske måltala gjer mål på kort sikt, mellomlang sikt og lang sikt, og kan oppsummerast som følger:

- Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter (resultatgrad) er 3%
- Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter (fondsgrad) er 15%
- Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter (gjeldsgrad) er 100%

"Kommuner og fylkeskommuner skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevnen blir ivaretatt over tid"
Kommuneloven §14-1

Nedanfor skisserast måltala som ein gul trekant, med faktisk oppnådd situasjon ved årsrekneskap 2022 og 2023.
Som illustrasjonane viser, er Alver langt frå å realisere måltal på netto driftsresultat, dei har for lav fondsgrad og for høg gjeldsgrad.
For å sikre langsiktig økonomisk berekraft er det heilt nødvendig at Alver kommune gjer strukturelle grep for å redusere driftskostnader.




**Vedtatt måltal (frå økonomiplan 2022-2025)**




**2022**
Resultatgrad: -0,4%
Fondsgrad: 11,7%
Gjeldsgrad: 106,4%

**Status for Alver 2022**




**2023**
Resultatgrad: -1,7%
Fondsgrad: 9%
Gjeldsgrad: 101,2%

**Status for Alver 2023**

# Det er sannsynleg at Alver vil bli innmeldt på ROBEK-lista i løpet av få år dersom ein ikkje gjer tilstrekkelege tiltak raskt

Statsforvaltaren kontrollerer at budsjett og økonomiplan for alle kommunar er i balanse. Statsforvarvaltarens vurdering av Alver kommune sitt budsjett for 2024 og økonomiplan 2024-2027 framkommer av brev datert 24. april 2024. Gjennomgangen er tufta på "at kommunen skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna blir ivareteken over tid og at kommunen skal gjere tidlege tiltak ved økonomisk ubalanse, jamfør kommunelova § 14-1 til § 14-5."

Statsforvaltarens vurdering er som følger:
"Kommunen hadde netto driftsunderskot i 2023. Økonomiplanen legg opp til betydelege netto driftsunderskot både i 2024 og 2025, slik at disposisjonsfondet kan bli redusert i stor grad i desse to åra. Disposisjonsfondet kan bli brukt heilt opp innan utgangen av 2026.
Kommunen må gjere tiltak som gir tilstrekkeleg positiv verknad på det økonomiske resultatet i år og dei komande åra. Tiltaka må vere konkrete for å oppnå nødvendig økonomisk effekt. **Vi vurderer det som sannsynleg at kommunen vil bli innmeld i ROBEK-registeret innan nokre få år dersom det ikkje blir gjort tiltak med tilstrekkeleg positiv effekt på det økonomiske resultatet.** Bruk av disposisjonsfondet og eventuell nemnde innmelding vil gi kommunen liten økonomisk handle-fridom." (PwC si utheving)

Basert på behovet for tiltak for å skape ein berekraftig økonomi, og at det ikkje er rom for større investeringar, er det heilt nødvendig at det gjennomførast strukturtiltak som frigjer bygg med moglegheit for avhending.


Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato: 24.04.2024
Vår ref: 2024/5903
Dykkar dato:
Dykkar ref:

ALVER KOMMUNE,
Postboks 4,
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Håvard Rød, 5557 2143

Alver kommune - budsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027

Alver kommunestyre har i møtet 14.12.2023, sak 214/23, handsama og vedteke budsjett 2024 og økonomiplan for 2024-2027.

Alver kommune er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis vi vurderer økonomien til kommunen og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan.

I gjennomgangen og vurderingane har vi lagt vekt på at kommunen skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna blir ivareteken over tid og at kommunen skal gjere tidlege tiltak ved økonomisk ubalanse, jamfør kommunelova § 14-1 til § 14-5.

**Oppsummering**
Økonomiplanen legg opp til betydelege netto driftsunderskot både i 2024 og 2025, slik at disposisjonsfondet kan bli redusert i stor grad i desse to åra. Disposisjonsfondet kan bli brukt heilt opp innan utgangen av 2026.

Kommunen må gjere tiltak som gir tilstrekkeleg positiv verknad på det økonomiske resultatet i år og dei komande åra. Tiltaka må vere konkrete for å oppnå nødvendig økonomisk effekt. Kommunen vil få liten økonomisk handlefridom dersom disposisjonsfondet blir brukt opp.

Det bør berre bli gjeldsauke i startlån og for lån til VA-investeringar framover, ikkje auke i den renteberande lånegjelda. Det er særleg viktig å dempe lånegjelda framover på bakgrunn at dei økonomiske utfordringane som kommunen har.

**Resultat 2023**
I rekneskapen for 2023 er det eit netto driftsunderskot på - kr 48,5 mill. Det utgjer - 1,6 prosent av driftsinntektene i 2023. Underskotet er dekt med bruk av disposisjonsfond.

E-postadresse: sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding: www.statsforvalteren.no/melding
Postadresse: Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Besøksadresse: Njøsavegen 2, Leikanger; Statens hus, Kaigaten 9, Bergen; Fjellvegen 11, Førde
Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvalteren.no/vl
Org.nr. 974 760 665

*"Kommunen har høg lånegjeld og har hatt stor auke i renteutgiftene. Det er viktig at den delen av lånegjelda, som ikkje er sjølv-finansierande gjennom inntekter, ikkje aukar nominelt. Investeringar og låneopptak bør vere innafor det noverande økonomiplan legg opp til. Det bør berre bli gjeldsauke i startlån og for lån til VA-investeringar framover, ikkje auke i den renteberande lånegjelda. Det er særleg viktig å dempe lånegjelda framover på bakgrunn at dei økonomiske utfordringane som kommunen har."*

(Statsforvalteren i Vestland, 24.04.2024)

# 2. Overordna samandrag og prosess

# Samandrag

Denne rapporten er delt inn i ein felles hovuddel for dei ulike delrapportene som ser på den overordna økonomiske situasjonen for Alver kommune, samt rører ved nokre forhold som vurderast som å vere felles for arbeidet som er gjort. Deretter følger delrapportar som går i djupna på dei to kommunalavdelingane Oppvekst og Helse og omsorg.

I denne rapporten er det ein oppdatering på ein del av dei økonomiske samanlikningane frå fase 1, som no tek inn KOSTRA-tal for 2023. Dette er basert på same mal som for rapport fase 1. Oppsummert framkommer det tydeleg at Alver kommune står i ein alvorleg økonomisk situasjon, og det er helt nødvendig at det iverksetjast tiltak som begynner å gi effekt allereie for 2024 og 2025.

Delrapportane har i tråd med mandatet utelukkande fokus på tiltak som kan iverksetjast på kort sikt, og som gir økonomisk effekt innafor økonomiplanperiode 2025-2028. Tiltaka som presenterast vil bli opplevd som krevjande, både for innbygarar, tilsette, brukarar og politiske organ som skal fatte vedtak.

PwC anbefaler at ein stor del av tiltaka effektuerast, for å unngå at Alver kommune hamnar på ROBEK-lista, og slik sett mister sjølvråderetten over økonomiske disposisjonar. Som sitert i rapporten er det Statsforvalterens oppfatning at Alver kommune "*vil bli innmeld i ROBEK-registeret innan nokre få år dersom det ikkje blir gjort tiltak med tilstrekkeleg positiv effekt på det økonomiske resultatet.*"




*Tabellen viser kumulativ beløpseffekt av tiltaka for perioden 2024-2028 for sektor Oppvekst. På Oppvekst er det først i 2028 at det vert oppnådd heilårseffekt av dei samla tiltaka, då heilårseffekt av reduserte driftstilskot til private barnehagar først trer inn 2 år etter første heile driftsår med tiltak i dei kommunale barnehagane.*

# Arbeidet med delrapportene er utført i tett samarbeid mellom kommunens prosjektgrupper og PwC

**2024**

**31. jan** – **Helse og omsorg**
Oppstartsmøte med leiargruppa for Helse og omsorg. Tilstades er tenesteleiarar, leiar for forvaltning, fagansvarleg stab, prosjektleiar og controller.

**13. feb** – **Oppvekst**
Oppstartsmøte for Fase 2 med Oppvekst. Deretter møte kvar 14. dag.

**16. feb** – **Helse og omsorg**
Intervju med kvar enkelt tenesteleiar.

**19. feb** – **Helse og omsorg**
Befaring Helse- og omsorgsbygg i Alver med rus- og psykiatribussen.

**20. feb** – **Leiargruppa i Alver**
Arbeidssamling med leiargruppa i Alver

**21. feb** – **Helse og omsorg**
Heildagssamling med alle avdelingsleiarar Helse og omsorg

**22. feb** – **Oppvekst**
Møte med PwC og Norconsult for koordinering av data og arbeid Oppvekst

**6. mar** – **Oppvekst**
Arbeidsverkstad 1. Tilstades var avdelingsleiarar / fagansvarlege, tenesteleiarar, hovudtillitsvalde og hovudverneombod

**4. apr** – **Oppvekst**
Arbeidsverkstad 2: barnehagar og skule. Tilstades var styrarar og rektorar, hovudtillitsvalde oppvekst og verneombod oppvekst

**5. apr** – **Oppvekst**
Arbeidsverkstad 2: Helsestasjon og jordmortenesta, PPT og Barnevern. Tilstades var tenesteleiarar, avdelingsleiarar og teamleiarar (PPT), hovudtillitsvalde og hovudverneombod

**24. apr** – **Helse og omsorg**
Gjennomgang av tiltak med tenesteleiarar og kommunalsjef

**25. apr** – **Leiargruppa i Alver**
Gjennomgang av status, foreløpige funn og vurderingar med leiargruppa i Alver

**23. mai** – **Oppvekst**
Arbeidsverkstad ROS med alle berørte barnehagar og skular (inkl. FAU og elevråd)

**27. mai** – **Leiargruppa i Alver**
Gjennomgang utkast til tiltak med leiargruppa i Alver

**6. jun** – **Formannskapet**
Presentasjon delrapport Oppvekst for formannskapet

**13. jun** – **Formannskapet**
Presentasjon delrapport Helse og omsorg for formannskapet

**13-14. jun** – **Helse og omsorg**
Arbeidsverkstad ROS

**19. jun** – **Kommunestyret**
Presentasjon for kommunestyret

# 3.
# Oppdaterte KOSTRA analysar

# Alver kommune kunne spart mykje om dei drifta som gjennomsnittet eller samanliknbare kommunar

I PwC sin rapport for fase 1 blei det vist ei rekke KOSTRA samanlikningar med andre utvalde kommunar og KOSTRA gruppe 9 og 10. I mandat for fase 2 var det vist til at PwC skulle ta utgangspunkt i KOSTRA gruppe 9 eller andre relevante kommuner. I denne rapporten har vi valt å bruke dei same samanlikningane som i fase 1, men har supplert med tal for 2023.

Tabellen viser at forskjellane er noko mindre på dei fleste parameterane samanlikna med tala for 2022, men Alver kunne framleis spart mykje om dei hadde drifta som dei andre kommunane, målt som netto driftskostnader per innbyggjar.

- Hadde Alver drifta som Askøy i 2022 kunne kommunen spart 443,5 MNOK i året
- Hadde Alver driftet som Bjørnafjorden i 2023 kunne dei spart 301,9 MNOK i året
- Forskjellane til KOSTRA 9 og KOSTRA 10 er noko lågare, mens forskjellen har auka målt mot Bjørnafjorden og Øygarden

Som konklusjon meiner PwC at forskjellane fortsatt er av ein slik størrelse at mandatets bestilling på tiltak for 200 MNOK er eit nødvendig ambisjonsnivå.



# Alver kommune brukar framleis meir på pleie og omsorg enn andre kommunar

Figuren til høgre viser kor mykje Alver kunne spart på pleie og omsorg dersom dei hadde drifta på same nivå som samanlikningskommunar. Tala er korrigert for utgiftsbehov.

Alver kommune har høg ressursbruk innan området pleie og omsorg samanlikna med andre kommunar og gjennomsnittet for KG 9 og 10. Avstanden mellom Alver og dei andre kommunane, forutan Askøy har auka frå 2022 til 2023.

Samanlikna med Askøy kommune, som framleis er kommunen som brukar minst ressursar innan pleie og omsorg, brukar Alver særleg meir ressursar på helse og omsorgstenester til heimebuande og institusjonslokale (funksjon 254 og 261). Absoluttbeløpet er klart høgst for helse og omsorgstenester til heimebuande, mens den relative differansen er størst for institusjonslokale i 2023.

Forskjell i ressursbruk pleie og omsorg




**Forskjell i ressursbruk og prosentvis forskjell samanlikna med Askøy (2022 og 2023)**



# Alver kommune brukar framleis mindre på kommunehelse enn andre kommunar

Med unntak av gjennomsnittet for KG10 brukar Alver mindre pengar på kommunehelse enn samanlikningskommunane. Samanlikna med gjennomsnitt for KG10 har Alver sitt teoretiske innsparingspotensial auka. For dei andre samanlikningskommunane varierer det om potensialet er auka eller redusert frå 2022 til 2023.

Forskjell i ressursbruk kommunehelse




**Forskjell i ressursbruk og prosentvis forskjell samanlikna med Sunnfjord (2022 og 2023)**



# Alver kommune brukar framleis meir på grunnskule enn gjennomsnittet

Alver kommune brukar framleis meir på grunnskule enn snittet for KOSTRA 9 og 10, sjølv om forskjellane er redusert frå 2022 til 2023.

Samtidig har avstanden auka mellom Alver og Bjørnafjorden og Alver og Øygarden.

Samanlikna med Bjørnafjorden, som framleis er den kommunen som brukar minst ressursar på grunnskule, brukar Alver spesielt mykje meir på grunnskule og skulelokale (funksjon 202 og 222). Den absolutte forskjellen er størst for skulelokale, med 50,5 MNOK i forskjell, mens den relative forskjellen er størst for skuleskyss (funksjon 223).

Forskjell i ressursbruk grunnskole




**Forskjell i ressursbruk og prosentvis forskjell samanlikna med Bjørnafjorden (2022 og 2023)**



# Alver kommune brukar meir på barnehage enn gjennomsnittet og dei fleste samanliknbare kommunar

Til tross for ein markant reduksjon i forskjellane frå 2022 til 2023 er Alver framleis mindre effektiv enn dei fleste samanlikningskommunane på barnehage.

Samanlikna med Bjørnafjorden kommune, som framleis er den mest effektive kommunen på barnehage, er den absolutte forskjellen størst på Førskule (funksjon 201), mens den relative forskjellen er størst på Førskulelokale og skyss (funksjon 221).

**Forskjell i ressursbruk barnehage**




**Forskjell i ressursbruk og prosentvis forskjell samanlikna med Bjørnafjorden (2022 og 2023)**

| Funksjon | | Prosentvis forskjell 2022 | Prosentvis forskjell 2023 | Forskjell 2022 | Forskjell 2023 |
|---|---|---|---|---|---|
| 201 | Førskule | 16% | 7% | 47,4 MNOK | 22,4 MNOK |
| 211 | Styrka tilbod til førskulebarn | 16% | 16% | 5,1 MNOK | 5,8 MNOK |
| 221 | Førskulelokale og skyss | 55% | 62% | 7,2 MNOK | 9,8 MNOK |

# Alver kommune brukar tilsvarende eller mindre på Barnevern enn dei andre kommunane

Alver kommune er vesentleg meir effektiv enn kommunene Voss, Askøy og Øygarden i 2023 på KOSTRA-området Barnevern.

Avstanden har auka betrakteleg frå særleg Øygarden og Askøy frå 2022 til 2023, og Alver havstanden til Bjørnafjorden er redusert ein heil del frå 2022 til 2023.

Alver er omtrent like effektiv eller noko meir effektiv på barnevern enn dei andre kommunene.

### Forskjell i ressursbruk barnevern




**Forskjell i ressursbruk og prosentvis forskjell samanlikna med Bjørnafjorden (2022 og 2023)**

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| 244 | Barnevernteneste | 33% | 38% | 11,6 MNOK | 14,3 MNOK |
| 251 | Barneverntiltak når barnet ikkje er plassert av barnevernet | 36% | 48% | 3,9 MNOK | 7,4 MNOK |
| 252 | Barneverntiltak når barnet er plassert av barnevernet | -8% | -61% | -3,5 MNOK | -19,6 MNOK |

# 4. Bakgrunn for delrapport Oppvekst

# Kommunalavdeling for oppvekst er delt i 5 tenesteområde




Kommunalområdet oppvekst har fem tenesteområde; Skule, Barnehage, Barnevern, PPT og Helsestasjon og jordmortenesta. I tillegg har kommunalområdet eigen stab.

**Skule** har i dag 23 avdelingar, der 22 av dei er grunnskular og ein er vaksenopplæring. Fem av skulane er ungdomsskular, éin skule er både barne- og ungdomsskule og 16 er barneskular. Rektor er avdelingsleiar på sin skule.

**Barnehage** omfattar åtte kommunale barnehagar, samt Pedagogisk støtteeining for barnehage. Kommunalavdelinga har også ansvar for barnehagemyndigheit for alle barnehagar i kommunen. Det er 19 private barnehagar i Alver kommune.

**PPT** har i dag tre avdelingar; Utøvande team, Team barnehage og Team skule (team 1 og 2).

**Barnevern** har fire avdelingar; Barn og familie, Tiltak, Mottak og undersøking og Fosterheim.

**Helsestasjon- og jordmortenesta** har tre avdelingar - Helsestasjon og jordmor, Skulehelsetenesta og Migrahelseteamet.

**Stab** har ansvar for økonomistyring, sakshandsaming og forvaltningsoppgåver, godkjenning og tilsyn av alle barnehagar, utviklingsarbeid, internkontroll, post og innsyn og informasjonstryggleik og personvern.

# Oppsummering frå rapport fase 1

### Økonomi

Som skildra i kapittel 4 i rapport for fase 1, har Alver gjennomgåande høgare kostnader til grunnskule og barnehage samanlikna med dei andre kommunane. Sjølv om vi ser ein noko redusert forskjell frå KOSTRA 2023 samanlikna med 2022, er det framleis vesentleg høgare kostnadsnivå i Alver enn i samanlikningskommunane. Det pågår også arbeid med å redusere kostnader i mange av dei andre kommunane som Alver blir samanlikna med. Ein kan derfor forvente at forskjellane aukar dersom det ikkje vert satt inn tiltak raskt i Alver.

Basert på funna i fase 1 vurderer PwC at det finst eit betydeleg potensial for økonomiske innsparingar innanfor skule og barnehagedrift i Alver kommune ved å nærme seg snittet for samanliknbare kommunar.

### Skule- og barnehagestruktur

Alver kommune har i dag eit høgt antal skular samanlikna med andre kommunar. Prognosar for barne- og elevtalsutvikling for Alver kommune viser at kommunen må førebu seg på nedgang i antal barn i barnehage og grunnskulen framover. Demografisk framskriving basert på middelalternativet til SSB viser at ein på sikt forventer færre barn i skulealder. Alver har også eigne framskrivingar som i sum viser reduksjon.

Ei slik demografisk utvikling vil medføre reduksjon i Alver kommune sine inntekter. Dette vil legge ytterlegare press på dagens organisering av barnehagar og skular i kommunen, utover dei strukturutfordringane som allereie finst.

### Organisatoriske forhold

Utover skule og barnehagestruktur peika PwC på behovet for å sjå på kontrollspenn for tenesteleiar skule, samt å gjennomgå kommunen si ivaretaking av rolla som barnehagemynde. Organisering av stab oppvekst vart også kommentert.

Kontrollspenn for tenesteleiar skule vil potensielt bli endra som følgje av arbeid med ny barnehage og skulebruksplan, og denne rapporten. Temaet vil bli fulgt opp hausten 2024. Det er også lagt opp til ein gjennomgang av rolla som barnehagemynde hausten 2024.

# Ein betydeleg kostnadsreduksjon er nødvendig grunna utviklinga i demografi og økonomi

Dei demografiske endringane i Noreg gir seg utslag i ein sterk vekst i den eldre andelen av befolkninga, samtidig som endring i barnetal viser ein stabil eller ofte nedadgåande utvikling. Desse demografiske endringane fører til eit behov for å tilpasse ressursbruken i det norske samfunnet til ei ny demografisk samansetting i åra som kommer. Samtidig vil det vere ei utfordring å få rekruttert nok arbeidskraft, og det er derfor også nødvendig å finne meir ressurseffetive måtar å levere dei tenestene som det offentlige yter til befolkninga.

Som attgjeven i rapport fase 1 viser prognoser for barne- og elevtalsutvikling for Alver kommune at kommunen må førebu seg på nedgang i antal barn i barnehage og grunnskulen framover. Demografisk framskriving basert på middelalternativet til SSB er attgjeven i grafen til høgre. Den viser at det på sikt forventast færre barn i skulealder. Ei slik demografisk utvikling vil medføre ein betydeleg reduksjon i kommunens inntekter, og vil legge ytterlegare press på dagens organisering av barnehagar og skular i Alver, ut over dei strukturutfordringane som allereie finst.

Alver kommune har eigne framskrivingar, og framskrivingar som gjeld ulike delar av kommunen. I sum er situasjonen den at det parallelt med at Alver kommune brukar betydeleg meir på barnehage og skule enn samanlikningskommunene, så er utviklinga slik at det må ventast eit lågare barnetal framover, og dagens overkapasitet i barnehagar og skular vil auke.




*Demografisk framskriving for barn 0-15 år for Alver kommune basert på middel-alternativet til SSB.*

# Alver kommune står i ein alvorleg økonomisk situasjon og det er potensial for strukturgrep på både barnehage og skule

Alver kommune er i ein alvorleg økonomisk situasjon. Dette medfører mellom anna at det hastar å redusere driftsnivået på Oppvekst. Innafor skule- og barnehagefeltet er det eigne normer som gir ein peikepinn på bemanning. Sjølv om Alver har eit potensial for å redusere bemanning til lærarnorm, og å effektivisere noko på bemanningsfaktor i barnehagane, så er dei større kostnadsdrivarane å finne i dagens skulestruktur og barnehagestruktur. I tillegg ligg det betydelege kostnader framover knytt til store etterslep på vedlikehald av mange av bygga, og det er behov for enten omfattande investeringar i ei rekke av bygga innafor sektoren, eller ei strategisk avhending av bygg.

Ein kommune har ei lovfestet plikt til å tilby tilstrekkeleg antal barnehageplassar og har eit ansvar for å finansiere drifta, utover foreldrebetalinga. Kommunen står imidlertid fritt til sjølv å organisere korleis plassane vert tilbydd. I Alver er det, på same måte som i mange andre kommunar, ein stor andel private barnehagar, og nokre kommunale barnehagar. Kommunen driftar sjølv dei kommunale barnehagane, og yter eit driftstilskot til dei private barnehagane basert på kostnadane til drift av kommunens eigne barnehagar. I Alver er det i dag overkapasitet av barnehageplassar. Kor stor overkapasiteten faktisk er varierer ut frå kva oversikt ein tar utgansgpunkt i. Ulike oversikter viser frå 280 til 800 ledige plassar. Gjennom dei foreslåtte strukturtiltaka på barnehagefeltet i denne rapporten er det å forvente at det framover også kan komme



tilpasningar i struktur blant dei private barnehagane, som følge av reduksjon i driftstilskotet frå kommunen.

Det er etter PwC sitt syn avgjerande at Alver kommune vurderer barnehagesektoren under eitt, og styrer etter eit overordna mål om ei mest mogleg berekraftig økonomisk drift av heile barnehagesektoren, og ikkje gjer særtilpasningar basert på spesielle organiseringar eller driftsformer. PwC anbefaler også at det gjerast ein gjennomgang av alle barnehagane i Alver for å få ein kvalitetssikra kapasitetsoversikt som mogleggjer strategiske vurderingar av barnehagetilbodet framover.

# Bakgrunn for delrapporten og prosjektorganisering

Denne delrapporten er ei oppsummering av tiltak for å betre det økonomiske driftsnivået på kommunalavdeling Oppvekst i Alver kommune. Rapporten er utarbeidd av PwC våren 2024 som del av arbeidet med å gjennomgå driftsnivået for fleire sektorar i kommunen. Rapporten er ei oppfølging av PwC sin rapport frå 8. februar 2024 "Organisasjonsgjennomgang Alver kommune", der PwC ga følgande anbefalingar knytt til Kommunalavdeling oppvekst:

**Anbefaling 4: Nærare analysar på tenestenivå innanfor Kommunalavdeling oppvekst**

Anbefaling 4.1: Gjennomgang av dei kommunale barnehagane
Anbefaling 4.2: Gjennomgang av organisering barnehagemyndigheit
Anbefaling 4.3: Gjennomgang av skulestruktur
Anbefaling 4.4: Gjennomgang av leiarstøtte tenesteområde skule

Denne rapporten er såleis ei oppfølging av anbefaling 4, med fokus på 4.1 og 4.3. Dei andre anbefalingane i førre rapport vert fulgt opp i eigne delprosjekt. Mandatet for gjennomgangen har vore å identifisere tiltak som tilsvarar innsparingar i størrelsesorden 60-70 MNOK innan sektor Oppvekst. Det er ein føresetnad at tiltaka skal kunne gjennomførast i løpet av 2024, 2025 eller 2026. Denne delrapporten har med andre ord fokus på tiltak som kan realiserast relativt raskt.

**Denne delrapporten foreslår tiltak som kan gjennomførast snarleg**

| 2024 | 2025 | 2026 |
| --- | --- | --- |

Tiltaka som er foreslått summerar seg til ein samla heilårseffekt tilsvarande ca. 87,2 MNOK, men det vil først gjelde frå 2028. Dette er som følge av at heilårseffekt av tiltaka for tilskot til private barnehagar først gir ein heilårseffekt to år etter at tiltak er innført i dei kommunale barnehagane.

Det er viktig å påpeike at PwC i denne rapporten synleggjer eit innsparings-potensiale, men at det vil krevja ytterlegare vurderingar av kva tiltak ein vil innføre, og kor stor kraft ein skal legge i kvart enkelttiltak. Til dømes har PwC synleggjort eit innsparingspotensial for å effektivisere bemanninga i barnehagane tilsvarande bemanningsnorm og pedagognorm. Basert på svingande tal barn i barnehagane vil ein naturlegvis ha behov for å tilpasse seg.

PwC anbefaler at dei skisserte tiltaka blir vedtekne hausten 2024, slik at arbeid med realisering kan starte tidsnok til at det gir effekter så raskt som mogleg.

# Denne delrapporten er utarbeida basert på sekundære kilder, samt i dialog med både Alver kommune og Norconsult

**Korleis har vi arbeida og skaffa innsikt?**
Arbeidet har vore organisert med ei eiga prosjektgruppe innanfor sektoren, som har hatt møte kvar 14.dag. Komunalsjef har leia prosjektgruppa og alle tenesteleiarar, stab oppvekst, hovudtillitsvalde og hovudverneombod har vore deltakarar. I tillegg har HR, kommunikasjon og PwC delteke. Det har vore gjennomført ei rekke møte med tenesteleiarar, samt arbeidsverkstader med både tenesteleiarar, avdelingsleiarar og hovudtillitsvalgte. Det har også vert gjennomført to halvdagssamlingar med representanter frå dei skulane og barnehagene som vert berørt, inklusiv elevrepresentantar.

**Kva type tiltak vert foreslått?**
I denne delrapporten vert det foreslått tiltak på sektor Oppvekst tilsvarande ein total sum på 87,2 MNOK .

- Strukturtiltak skule
- Strukturtiltak barnehage
- Reduksjon av årsverk til lærarnorm
- Effektiviseringstiltak barnehage
- Strukturtiltak helsestasjon

Tiltaka er i stor grad knytt til strukturendringar for skule og kommunale barnehagar, samt effektiviserande tiltak for barnehagane. Tiltaka gir store utslag i tilskot til private barnehagar.

Det er ikkje foreslått tiltak for tenesteområda Barnevern og PPT. Det er ikkje funnet indikatorar i KOSTRA eller i samanlikning med andre om at det på desse områda er høge kostnader i Alver kommune, og det fell derfor utanfor mandatet til denne rapporten.

**Norconsult har gjort eit parallelt arbeid og vi har samarbeidd godt der det har vore formålstenleg**
Parallelt med PwC sitt arbeid har Norconsult lagt fram eit forslag til ny Barnehage- og skulebruksplan for Alver kommune med eit lenger perspektiv på foreslåtte strukturtiltak enn det som ligg i PwC sitt mandat.

Tiltaka i denne rapporten er basert på PwC sine vurderingar og dialog med kommunen, samt analyse av innhenta kvantitativ data. I ein del tilfelle der Norconsult har gjort kvantitative berekninger har PwC brukt desse. Dette gir eit best mogleg samanlikningsgrunnlag mellom dei to rapportane som omtalar barnehage og skular som kommer til behandling omtrent samtidig. PwC vil takke Norconsult for godt samarbeid knytt til dei delane av arbeidet kor det har vore naturleg å ha dialog.

# 5. Datagrunnlag og berekning

# Talgrunnlag i denne rapporten

I dette analysearbeidet har PwC, i tråd med mandatet, brukt KOSTRA som ein indikasjon på kor det er behov for å utføre nærare analysar. Det finst fleire ulike måtar å samanfatte, rekne ut og presentere kostnader til drift av skular og barnehagar på. I samband med folkemøte om forslag til Barnehage- og skulebruksplan har Alver kommune til dømes brukt utdrag frå KOSTRAtabell 12362, som viser Netto driftsutgifter på funksjon og tenesteområde.

Utgifter til skulen per elev i kommunal skule (6-15 år) - 2023




Dei meir inngåande analysane og samanlikningane i denne delrapporten er basert på rådata frå rekneskapet for Alver kommune for 2023, og ikkje på Alver si innrapportering til KOSTRA. Dette forklarer kvifor det mellom ulike rapportar eller presentasjonar kan finnast ulikskapar i nokre av tala som blir presenterte. Vi har brukt rekneskapstal for 2023 sidan det gir eit heilt år med reelle driftstal og viser den økonomiske "farta" Alver hadde ved inngangen til 2024. Våre berekningar må lesast som om alternativet hadde vore for same driftsår.

Til dømes er gjennomsnittstala i KOSTRA i grafen til venstre på gjennomsnittskostnad per elev for grunnskular 131.723 kr, medan PwC ved bruk av rådata frå rekneskapet for 2023 finn eit gjennomsnitt på 130.000 kr. Dei største avvika i tal mellom KOSTRA og PwC sine analysar i denne rapporten er på det som i grafen til venstre er rapportert som Funksjon 222 Skulelokale. PwC nyttar i denne rapporten FDV-kostnader og tal frå rekneskapet på det som er vurdert å vere relevant for analysen, samt tal frå Norconsult sine vurderingar. PwC har hatt som mål å sikre at samanlikningane mellom alternativa er så gode som mogleg, og at dei ulike alternativa bygger på samanliknbar metodikk.

**Barnetal**

Alle tal for antal skuleelevar og barnehagebarn er basert på tala ved årsskiftet 2023/2024, og er ikkje endra ut frå prognosar framover. Analysane viser derfor effekten som om tiltaket hadde vore gjennomført ved årsskiftet 2023/2024, samanlikna med eksisterande struktur.

# På skule har vi nytta rekneskapstal frå 2023, data frå Norconsult sine analysar og data frå GSI-rapporteringa

## Bemanningkostnader skule

Berekninga av innsparingspotensialet til bemanning er todelt:.

1. Innsparing på skulane med strukturtiltak → her har vi nytta justert tildelingsmodel til å berekne nye bemanningskostnader på samanslått skule (nye antal klassar og antal elevar i klassane). Dette vil gi eit innsparingspotensial direkte knytt til strukturtiltaket, men samtidig knytt til innstramming i tildelingsmodelen. Strukturtiltaka vil også medføre reduksjon i rektorstillingar og årsverk til kontorteknisk personale.
2. Innsparing på skulane utan strukturtiltak → på desse skulane visar ein innsparingspotensial basert på innstramming av tildelingsmodelen (forskjellen mellom tildelte årsverk i 2024 og 2023)

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Tildelte årsverk 2023 | - | Tildelte årsverk justert tildelingsmodell etter strukturtiltak | x | 1 MNOK<br>*(Kostnad per årsverk R2023)* |
| Tildelte årsverk 2023 | - | Tildelte årsverk 2024<br>*(for skular som ikkje er berørt av strukturtiltak)* | x | 1 MNOK<br>*(Kostnad per årsverk R2023)* |

Berekningane brukar gjennomsnittleg lønnskostnad for skulane (rekneskap 23) og antal elevar frå GSI-rapporteringa. Ved bruk av tildelingsmodellen er det utelukkande gjort vurderingar knytt til årsverk til "ordinær undervisning" og "skjønnstildeling".

## Driftskostnader bygg skule

I desse innsparingane har PwC inkludert drifts- og lønnskostnader for reinhald og driftoperatør, samt bilutgifter. Fordeling av driftskostnader på ulike skulebygg er basert på oppgitt fordelig frå Alver kommune. Kostnadane ligg rekneskapsført under Samfunsutvikling, og innsparingane vil derfor ikkje synast i Oppvekst sine eigne rekneskap.

Ved skulesamanslåingar føreset vi at ein beheld FDV-kostnaden som er rekneskapsført mottaksskulen, og eliminerer FDV-kostnaden på den nedlagte skulen. Uavhengig av kva metode ein går for vil det vere stort innslag av skjønnsvurderingar og uvisse. Det er likevel viktig å påpeike at det er sannsynleg at FDV-kostnaden vil auke noko når det kjem fleire elevar til eit bygg, men det er ikkje hensynteke i PwC sine berekningar.

| | |
|---|---|
| ~~FDV-kostnad nedlagt skule~~ | FDV-kostnad mottakande skule |

## Vedlikehalds/investeringsbehov skule

PwC har brukt Norconsult (2024) sine berekningar for investeringsbehov ved samanslåing og oppgradering av dei ulike bygga. Foreslåtte strukturtiltak er målt opp mot Norconsult sitt 0+ alternativ. Berekningane av innsparingspotensialet føreset derfor at Alver kommune faktisk gjennomfører alle nødvendige oppgraderingar av bygga. Tala tar ikkje hensyn til pris og inflajonsvekst.

*I nokre tilfelle vil det vere forskjellar i underlagsdokumentasjon som er motteken frå ulike kjelder i kommunen og i data som er henta frå ulike offentlege registre som f.eks KOSTRA. Dette kjem i hovudsak av at opplysningane er rapportert på forskjellege måtar. I tillegg vil det alltid førekomme endringar i antal brukarar, tilsette og liknande i løpet av eit driftsår. Vi har så langt som mogleg kvalitetssikra talgrunnlaget for analysane med kontaktpersonar i kommunen. Det kan likevel førekomme mindre avvik i tal, utan at dette har betydning for dei vurderingar og anbefalingar som er gjort i rapporten.*

*Norconsult (april 2024). Barnehage- skulebruksplan Alver kommune - kunnskapsgrunnlag til kommunedelplan, s. 219-240*

# Vi har slått saman trinna på dei samanslåtte skulane og rekna nye årsverk til ordinær undervisning basert på tildelingsmodellen

**Døme på samanslåing**

| | **Austebygd** | | **Hordabø** | | **Samanslått skule** | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | **Tal elevar** | **Fådelt** | **Tal elevar** | **Fådelt** | **Tal elevar** | **Fulldelt** |
| **1. trinn** | 2 | 1 og 2 | 15 | 1 | **17** | **1. klasse** |
| **2. trinn** | 3 | | 12 | 2 | **15** | **2. klasse** |
| **3. trinn** | 6 | 3 og 4 | 15 | 3 | **21** | **3. klasse** |
| **4. trinn** | 3 | | 19 | 4 | **22** | **4. klasse** |
| **5. trinn** | 5 | | 6 | 5 og 6 | **11** | **5. klasse** |
| **6. trinn** | 7 | 5, 6 og 7 | 16 | | **23** | **6. klasse** |
| **7. trinn** | 3 | | 15 | 7 | **18** | **7. klasse** |
| **Totalt** | 29 elevar | 3 klassar | 98 elevar | 6 klassar | **127 elevar** | **7 klassar** |
| | Austebygd er ein svært liten skule. Skulen får ekstra ressurstildelingar som kompensasjon for å vere liten | Austebygd er ein fådelt skule, der opp mot tre trinn går saman i klassar. Dette kan vere utfordrande både for lærarar og elevar. | Hordabø er også ein liten skule, sjøl om den er noko større enn Austebygd. | Hordabø er også fådelt, men har nokre fleire klassar enn Austebygd | *Slår ein skulane saman får ein eit noko større sosialt miljø for elevane, samt eit større fagmiljø for lærararne. Skulen blir fulldelt. Samtidig reduserer ein antal klassar totalt med 2, og slepp ekstra tildeling for små skular.* | |

# Innsparingar knytt til SFO har vi motteke frå Alver kommune, og kostnader til skuleskyss har vi valt å halde konstant

## Kostnader til SFO

Alver har ifølge GSI 882 barn som nyttar skulefritidsordning, der 373 (42%) har heiltidsplass. Alver kommune hadde i 2023 driftskostnader på SFO på totalt 26,7 MNOK, der 14,5 MNOK ble dekka via eigeninnbetaling. Dette gir ei netto utgift for Alver kommune på 11,1 MNOK. Fordelt på antal barn som nyttar SFO gir det en nettokostnad for Alver kommune per barn som brukar SFO på 12.645 NOK, men varierer frå ca. 6.000 NOK til nær 33.000 NOK (når eigenbetaling er fråtrekt).

I våre berekningar for dei samanslåtte skulane har vi motteke grunnlag for innsparing frå Alver kommune. Basert på tiltaka vi har foreslått har kommunen rekna ut kor mykje ein kan spare på SFO. Innsparinga har vi rekna ut frå gjennomsnittleg kostnad per årsverk på skulane. Vi har sett bort frå barn med behov for særskilt oppfølging.

Tal innsparte årsverk for tiltaket
(motteke frå Alver kommune)

x

1 MNOK
*(Kostnad per årsverk R2023)*

## Kostnader til Skuleskyss er ikkje teken med

Alver kommune brukte 15,2 MNOK i skuleskyss i 2023, tilsvarande ein gjennomsnittleg kostnad per elev på 4.115 NOK. Kostnader per elev varierer frå 731 NOK på Knarvik barneskule til nær 19.000 NOK på Eikanger og Austebygd skular.

I våre berekningar har vi ikkje gjort nye vurderingar av skuleskyss då det allereie er betydelege skuleskysskostnader ved fleire av dei berørte skulane. Det er vidare slik at det er kommunen som dekker skyss ved farleg skuleveg, mens skyss som følge av avstand vert dekt av fylkeskommunen. Kommunen betaler persontakst for grunnskuleelevar ved skyleskyss basert på avstand.

***Kostnader for skuleskyss per elev ved dei ulike skulane***



# På barnehage har vi nytta rekneskapstal 2023, data frå Norconsult sine analysar og data frå BASIL

## Bemanningkostnader barnehage

Berekninga av innsparingspotensial til bemanning er justert basert på bemannings- og pedagognorm. PwC har berekna innsparingspotensialet ved å redusere bemanninga heilt ned til normtalla. Dette er for å synleggjere potensiale, men ikkje ein anbefaling frå PwC. Svingande antal barn i barnehagar gir behov for å ha noko å gå på på normtala. Ved samanslåingar har vi redusert leiarstillingar.

| | | |
|---|---|---|
| Reduksjon:<br>Antal årsverk pedagogar = pedagognorm | x | 750 TNOK<br>*(Kostnad per årsverk R2023)* |
| Reduksjon/auke:<br>Antal årsverk total bemanning = bemanningsnorm | x | 750 TNOK<br>*(Kostnad per årsverk R2023)* |

For Marihøna har vi ikkje inkludert styrkingsmidlane i innsparingspotensiale, ettersom desse vil følge med barna inn i ny barnehage - uavhengig av om den er privat eller kommunal. Tala tar ikkje hensyn til lønns- og inflasjonsvekst.

## Driftskostnader bygg barnehage

Ved berekning av innsparingspotensial knytt til bygg har PwC brukt rekneskapsdata for 2023. I desse innsparingane har PwC inkludert drifts- og lønnskostnader for reinhald og driftoperatør, samt bilutgifter. Fordeling av driftskostnader på ulike skulebygg er basert på oppgitt fordelig frå Alver kommune. Kostnadane ligg budsjettert under Samfunsutvikling, og innsparingane vil derfor ikkje synast i oppvekst sine rekneskap.

Ved samanslåing av barnehagar føreset vi at ein beheld FDV-kostnaden som er rekneskapsført for mottaksbarnehagen, og eliminerer FDV-kostnaden på den nedlagte barnehagen. Uavhengig av kva metode ein går for vil det vere stort innslag av skjønnsvurderingar og uvisse. Det er likevel viktig å påpeike at det er sannsynleg at FDV-kostnaden vil auke noko når det kjem fleire barn til eit bygg, men det er ikkje hensynteke i PwC sine berekningar.

~~FDV-kostnad nedlagt barnehage~~ FDV-kostnad mottakande barnehage

For Marihøna fell FDV-kostnaden heilt bort. For Prestmarka har vi brukt FDV-kostnad berekna av Norconsult for ombygging av Solhall. PwC har ikkje befart bygga og bruker derfor tala frå Norconsult. Det same gjeld på tiltaket for Sæbø barnehage. Tala tar ikkje hensyn til pris- og inflasjonsvekst.

## Vedlikehalds/investeringsbehov barnehage

PwC har brukt Norconsult (2024) sine berekningar for investeringsbehov ved samanslåing og oppgradering av dei ulike bygga. Foreslåtte strukturtiltak er målt opp mot Norconsult sitt 0+ alternativ. Berekningane av innsparingspotensialet føreset derfor at Alver kommune faktisk gjennomfører alle nødvendige oppgraderingar av bygga. Tala tar ikkje hensyn til pris- og inflasjonsvekst.

## Tilskot til private barnehagar

Ved berekning av tilskot til private har PwC fått bistand frå Alver kommune og nytta den malen som Alver brukar til slike berekningar. PwC har brukt rekneskapstal frå 2023 og trekt frå estimerte innsparingar gjort av PwC knytt til bygg og bemanning. Postar frå rekneskapet som ikkje skal være med i berekningsgrunnlaget av tilskot til private er også trekt ut. Tala tar ikkje hensyn til pris- og inflasjonsvekst.

*Norconsult (april 2024). Barnehage- skulebruksplan Alver kommune - kunnskapsgrunnlag til kommunedelplan, s. 219-240*

# 6.
# Oversikt over anbefalte tiltak og tidshorisont

# Oppsummerte estimerte innsparingar

**Skule**

**58,9 MNOK**

**Barnehage**

**27,6 MNOK**

**Helsestasjon og jordmortenesta**

**0,7 MNOK**

**Totalt**

**87,2 MNOK**

**Alle tal er avrunda mot næraste million*

# Innan tenesteområde skule foreslår vi 8 tiltak

| | | Foreslåtte tiltak | |
|---|---|---|---|
| Skule | 1 | Flytte elevane frå Austebygd skule til Hordabø skule | Kr. 6 200 000 |
| | 2 | Flytte elevane frå Eikanger skule til Leiknes skule | Kr. 6 400 000 |
| | 3 | Flytte elevane frå Kløvheim skule til Ostereide skule | Kr. 5 600 000 |
| | 4 | Flytte elevane frå Sæbø skule til Alversund skule | Kr. 8 200 000 |
| | 5 | Flytte elevane frå Myking skule til Lindås barneskule | Kr. 5 900 000 |
| | 6 | Avslutte kjøp av skuleplassar ved Kaland skule i Austrheim kommune (elevane går då inn på Lindås barneskule) | kr. 500 000 |
| | 7 | Flytte elevane frå Lindås ungdomsskule til Lindås barneskule | Kr. 9 300 000 |
| | 8a | Stramme inn tildeling til skular (H2024) deretter vidareføring for skular som ikkje er berørt av øvrige strukturtiltak - redusere til nivå for lærarnorm | Kr. 6 400 000 |
| | 8b | Stramme inn tildeling til skular som ikkje er berørt av strukturtiltak (lengre sikt) - redusere til nivå for lærarnorm | Kr. 10 400 000 |
| | | Totalt estimert innsparing | Kr. 58 900 000 |

**Alle tal er avrunda mot næraste hundre tusen.*

# PwC foreslår strukturendringar og effektivisering av drifta i barnehagane

| | | Foreslåtte tiltak | |
|---|---|---|---|
| Barnehage | 1 | Flytte barna frå Austebygd barnehage til Bø barnehage | **Kr. 6 400 000** |
| | 2 | Flytte barna frå Haugen barnehage til Juvikstølen barnehage og skrive ned kapasitet | **Kr. 10 200 000** |
| | 3 | Samle Prestmarka barnehage i felles avdeling Solhall og skrive ned kapasitet | **Kr. 5 400 000** |
| | 4 | Legge ned Marihøna barnehage | **Kr. 2 300 000** |
| | 5 | Effektivisere drifta Lindås barnehage (t.d. auke antal barn) | **Kr. 2 400 000** |
| | 6 | Flytte Sæbø barnehage inn i bygget til dagens Sæbø skule | **Kr. 900 000** |
| | | Totalt estimert innsparing | **Kr. 27 600 000** |

# Innsparing per tiltak Helsestasjon

| | | Foreslåtte tiltak | |
|---|---|---|---|
| **Helsestasjon og jordmortenesta** | **1** | Samlokalisere helsestasjonane på Frekhaug og Ostereidet med Knarvik helsestasjon i Helsehuset, reduksjon 0,5% stilling | **400 000** |
| | **2** | Avvikle ekstern leieavtale for dagens helsestasjon Ostereidet | **130 000** |
| | **3** | Terminere avtale om 10% legestilling ved Ostereidet helsestasjon | **170 000** |
| | | Totalt estimert innsparing | **700 000** |

# Dei fleste tiltaka vil krevje noko tid for å få full effekt

Nokon av tiltaka er vedtatt og vil få effekt allereie frå hausten 2024. Barna i Haugen skal flyttast over til Juvikstølen. Samtidig er det tildelt 10,7 færre lærarårsverk til skulane i 2024 enn i 2023. Innfører ein alle strukturtiltaka som er foreslått vil Alver få ein halvårseffekt i 2025, før ein får den fulle effekten frå og med 2026. Dette med unntak av tiltaket som foreslår å flytte Lindås ungdomsskule inn på Lindås barneskule. Dette vil kreve større byggmessige tilpassingar og vil vere for krevjande å gjennomføre i 2025. PwC estimerer at tiltaket kan realiserast frå 2027, og at ein då får ein halvårseffekt i 2027 og full effekt frå og med 2028. Redusert tilskot til private barnehagar slår først inn to år etter at innsparinga fann stad. Dersom ein vel å innføre alle dei foreslåtte tiltaka på barnehage hausten 2025 vil dei først få reduserande effekt på driftstilskotet til private barnehagar mellom 2026 og 2028. Dess tidlegare ein effektiviserer barnehagedrifta, dess tidlegare oppnår ein innsparingar.







**Alle tal er avrunda mot næraste hundre tusen. ** Rekneskap 2023*

# Den kumulative effekten for kvart tiltak varierer (MNOK)

<table>
<tr><th>Tenesteområde</th><th>Tiltak</th><th>2H 2024</th><th>1H 2025</th><th>2H 2025</th><th>1H 2026</th><th>2H 2026</th><th>1H 2027</th><th>2H 2027</th><th>1H 2028</th><th>2H 2028</th></tr>
<tr><td rowspan="9">Skule</td><td>1) Flytte elevane frå Austebygd skule til Hordabø skule</td><td></td><td></td><td>3,1</td><td colspan="2">6,2</td><td colspan="2">6,2</td><td colspan="2">6,2</td></tr>
<tr><td>2) Flytte elevane frå Eikanger skule til Leiknes skule</td><td></td><td></td><td>3,2</td><td colspan="2">6,4</td><td colspan="2">6,4</td><td colspan="2">6,4</td></tr>
<tr><td>3) Flytte elevane frå Kløvheim skule til Ostereide skule</td><td></td><td></td><td>2,8</td><td colspan="2">5,6</td><td colspan="2">5,6</td><td colspan="2">5,6</td></tr>
<tr><td>4) Flytte elevane frå Sæbø skule til Alversund skule</td><td></td><td></td><td>4,0</td><td colspan="2">8,2</td><td colspan="2">8,2</td><td colspan="2">8,2</td></tr>
<tr><td>5) Flytte elevane frå Myking skule til Lindås barneskule</td><td></td><td></td><td>3,0</td><td colspan="2">5,9</td><td colspan="2">5,9</td><td colspan="2">5,9</td></tr>
<tr><td>6) Avslutte kjøp av skuleplassar ved Kaland skule (elevane inn på Lindås barneskule)</td><td></td><td></td><td>0,3</td><td colspan="2">0,5</td><td colspan="2">0,5</td><td colspan="2">0,5</td></tr>
<tr><td>7) Flytte elevane frå Lindås ungdomsskule til Lindås barneskule</td><td></td><td></td><td></td><td colspan="2"></td><td colspan="2">4,7</td><td colspan="2">9,3</td></tr>
<tr><td>8a) Stramme inn tildeling til skular (H2024) deretter vidareføring for skular som ikkje er berørt av øvrige strukturtiltak - redusere til nivå lærarnorm</td><td>5,4</td><td colspan="2">6,4</td><td colspan="2">6,4</td><td colspan="2">6,4</td><td colspan="2">6,4</td></tr>
<tr><td>8b) Stramme inn tildeling til skular som ikkje er berørt av strukturtiltak (lengre sikt)</td><td></td><td></td><td>10,4</td><td colspan="2">10,4</td><td colspan="2">10,4</td><td colspan="2">10,4</td></tr>
<tr><td rowspan="6">Barnehage</td><td>1) Flytte barna frå Austebygd barnehage til Bø barnehage</td><td></td><td></td><td>0,9</td><td colspan="2">1,9</td><td colspan="2">4,1</td><td colspan="2">6,4</td></tr>
<tr><td>2) Flytte barna frå Haugen barnehage til Juvikstølen barnehage og skrive ned kapasitet</td><td>1,4</td><td colspan="2">2,7</td><td colspan="2">6,4</td><td colspan="2">10,2</td><td colspan="2">10,2</td></tr>
<tr><td>3) Samle Prestmarka barnehage i felles avdeling Solhall og skrive ned kapasitet</td><td></td><td></td><td>0,7</td><td colspan="2">1,5</td><td colspan="2">3,4</td><td colspan="2">5,4</td></tr>
<tr><td>4) Legge ned Marihøna barnehage</td><td></td><td></td><td>3,6</td><td colspan="2">7,3</td><td colspan="2">4,8</td><td colspan="2">2,3</td></tr>
<tr><td>5) Effektivisere drifta Lindås barnehage (t.d. auke antal barn)</td><td></td><td></td><td></td><td colspan="2">1,2</td><td colspan="2">2,4</td><td colspan="2">2,4</td></tr>
<tr><td>6) Flytte barn i Sæbø barnehage inn i bygget til Sæbø skule</td><td></td><td></td><td>0,5</td><td colspan="2">0,9</td><td colspan="2">0,9</td><td colspan="2">0,9</td></tr>
<tr><td>Helsestasjon og jordmortenesta</td><td>1+2) Flytte helsestasjon frå Ostereidet og Frekhaug til Helsehuset i Knarvik</td><td></td><td></td><td>0,4</td><td colspan="2">0,7</td><td colspan="2">0,7</td><td colspan="2">0,7</td></tr>
<tr><td>Sum</td><td></td><td>6,8</td><td colspan="2">42</td><td colspan="2">69,5</td><td colspan="2">80,8</td><td colspan="2">87,2</td></tr>
</table>

*Tal Lindås barnehage er ikkje rekna med i sum - må kontrollreknast


*1H refererer til første halvår (jan-jun), 2H refererer til andre halvår (jul-des)

# Kort om konsekvensar av tiltak

Dei foreslåtte strukturtiltaka på skulen vil opplevast som dramatiske for dei som blir ramma, både for barn, lærarar og foreldre / føresette som blir direkte berørte, men også for nærmiljø som ofte har skulen som ein samlingsplass for aktivitetar utanom skuletida. Endringar i skulestrukturen er derfor ofte ein svært vanskeleg og krevjande beslutning for politiske styresmakter, og det er viktig med gode og involverande prosessar slik at konsekvensane i så stor grad som mogleg er kjente før vedtak vert gjort.

I seg sjølv er ikkje skulebytte ei uvanleg hending for barn i løpet av skulegangen, men endringar som følge av skulestruktur blir gjerne oppfatta som ei belastning, ikkje minst fordi det ofte medfører lengre reiseveg, bytte av klassar og sosiale miljø. Dei fleste tiltaka i denne rapporten medfører at elevar ved to skular flyttar saman i lokala til den eine skulen. Dette vil gjere at barna får med seg sine sosiale miljø inn i ein ny skulekvardag, sjølv om reisevegen endrast for dei som får ny skulebygning. Det blir viktig at dei berørte skulane legg godt til rette for at alle elevane får ei så god endring som mogleg.

For tilsette vil tiltaka i denne rapporten kunne bli opplevd som ei nedlegging av ein arbeidsplass, basert på at det parallelt også skjer ei effektivisering. Det er viktig at Alver kommune har gode prosessar for å handtere konsekvensar for tilsette. Tiltaka i rapporten vil også berøre tilsette i andre avdelingar som er ansvarlege for tenester som reinhald, drift og vedlikehald.

Endringar i barnehagestrukturen vil også medføre ei rekke konsekvensar. Først og fremst vil eit skifte av barnehage kunne skape uro og uvisse for barnet som får eit skifte i miljø. Det kan også medføre endringar for foreldre / føresette og deira kvardagslogistikk. For tilsette som blir berørte, kan endringane som blir skisserte føre til oppsplitting av arbeidsfellesskap og gi endringar i arbeidsstad. Noko større einingar vil likevel også medføre ei innsparing i drift av bygg, stordriftsfordelar knytt til FDV-kostnader, større pedagogiske miljø og lågare sårbarheit med auka antal vaksne.

Det er også ei rekke andre tenester som blir berørte av strukturen for barnehagar og skular. Dette gjeld blant anna andre tenesteområde innanfor Oppvekst, som PPT, barnevern og skulehelsetenesta. For desse tenestene vil spesielt ein struktur med færre skular gjere det mogleg å gi auka tenester med mindre reisetid. Større skular vil også moglieggjere større fagmiljø som kan auke attraktiviteten og lette rekrutteringa av nye lærarar framover.

For endringar i barnehage- og skulestruktur er det viktig å gjennomføre tilpassa konsekvensutgreiingar for kvart einskilt tiltak. Dette ligg utanfor mandatet til denne rapporten, og blir derfor ikkje ytterlegare omtalt her. Alver kommune har lagt opp til omfattande høyringsprosessar i samband med ny Barnehage- og skulebruksplan, der konsekvensane vil bli belyst.



# Føresetnader for å lykkast med dei foreslåtte tiltaka

Den heilt nødvendige omstillinga kommunen no står ovanfor blir svært krevjande for organisasjonen. Det blir avgjerande at det forankrast ei felles forståing for at omstillinga ikkje berre er nødvendig på grunn av forhold avgrensa til oppvekst som tenesteområde, men vil vere avgjerande for Alver kommune som heilskap, både som organisasjon og samfunn.

Dersom kommunen ikkje lykkast med å ta kontroll over økonomien vil dette få betydelege konsekvensar både for kommunen si evne til å yte lovpålagte og forsvarlege tenester til barn og unge, og for kommunen si økonomiske handleevne i lang tid framover.

Gjennomføringa av tiltaka beskrive i denne delrapporten, og dei følgande endringane kommunen vil måtte gjere i struktur, innretting og organisering, vil stille store krav til godt samarbeid mellom fagleg, administrativt og politisk nivå. Dei tilsette i oppvekst, frå den enkelte medarbeidar i tenesta til kommunalsjef og stab, vil trenge støtte og ryggdekning frå kommunen elles når dei vil måtte stå i krevjande endringar over tid.

Det blir viktig at kommunen som heilskap, på tvers av administrasjon og politisk nivå, kommuniserer eit felles bodskap til befolkninga om behovet for omstilling. Dette blir spesielt viktig for den enkelte medarbeidar som kan måtte stå i krevjande situasjonar med foresatte og andre som blir påverka av dei foreslåtte tiltaka.

Endringar av den typen som blir foreslått i denne rapporten vil alltid føre til reaksjonar hos ulike interessentar. Desse reaksjonane må kommunen samla stå i over tid, og møte på ein konstruktiv og trygg måte.

Kommunen går inn i ei tid der færre ressursar skal dekke eit aukande behov. Dette vil stille store krav til kloke og langsiktige prioriteringar. Det er PwC si erfaring at slike prosessar avheng av gode kunnskapsgrunnlag og tilgang til styrings- og leiingsinformasjon som grunnlag for beslutningar. PwC anbefaler at kommunen arbeider målretta med å etablere gode strukturar og system for å samle, analysere og formidle viktige styringsdata, måltal og parameter. Slik kan kommunen i så stor grad som mogleg fortløpande følgje med på om iverksette tiltak har ønska effekt og vere i forkant med planlegging av ytterlegare tiltak og endringar.



# 7. Analysar og tiltak per tenesteområde



# Skule

# Innleiande side om skular

KOSTRA-samanlikningar viser at Alver kommune har høgare driftskostnader for grunnskule enn mange samanlikningskommunar, og det er behov for å gjennomføre tiltak for å redusere kostnadene.

Alver kommune har i dag ein skulestruktur med mykje ledig kapasitet og ein høg andel skular med færre enn 100 elevar. Alle skular har behov for ein viss basisfinansiering og med dagens struktur brukar Alver kommune mykje pengar på skulebygg og skuledrift. Alver har også ein tildelingsmodell som fordeler tilgjengelege budsjett ut på skulane og som i praksis forfordeler dei små skulane. Når Alver kommune no må kutte i kostnader til skulane, er det også eit viktig spørsmål om det er ein ønska situasjon å ha så store forskjellar i kostnad per elev som det i dag er på ulike skular i Alver. Dette er nærare beskriven seinare i rapporten.




Framsikt: Framsikt egenberegnet fra KOSTRA funksjon 202. "Antall elever i kommunale grunnskoler" fra SSB-tabell 11971 (Måleenhet: Personer), "Antall kommunale grunnskoler" fra SSB-tabell 11971 (Måleenhet: Antall)

Sidan det er mykje ledig kapasitet ved ein del skular, er det mogleg å gjennomføre ein del nødvendige strukturtiltak raskt. Det vil også vere nødvendig å gjere fleire strukturtiltak på sikt, men dette vil krevje større nybygg og investeringar, og fell dermed utanfor tidsperspektivet til denne rapporten. PwC anbefaler at det i forbindelse med den pågåande Barnehage- og skulebruksplanen gjennomførast ytterlegare strukturtiltak ut over dei meir kortsiktige tiltaka som skildrast her.

I følge GSI-rapporteringa frå 2023, med årets antal klassar og elevar, har ein endå rundt 20 årsverk som kan reduserast før ein ligg på lærarnorm. Dei mange småskulane i Alver gjer det sannsynlegvis vanskeleg å redusere ytterlegare. Alternativet til strukturtiltak er å kutte meir i tildeling til alle skular, men det vil då krevje kutt langt ut over reduksjon til lærarnorm.

# PwC foreslår strukturendringar, innstramming i tildelingsmodell og reduksjon av årsverk til lærarnorm

| | | Foreslåtte tiltak | |
|---|---|---|---|
| Skule | 1 | Flytte elevane frå Austebygd skule til Hordabø skule | Kr. 6 200 000 |
| | 2 | Flytte elevane frå Eikanger skule til Leiknes skule | Kr. 6 400 000 |
| | 3 | Flytte elevane frå Kløvheim skule til Ostereide skule | Kr. 5 600 000 |
| | 4 | Flytte elevane frå Sæbø skule til Alversund skule | Kr. 8 200 000 |
| | 5 | Flytte elevane frå Myking skule til Lindås barneskule | Kr. 5 900 000 |
| | 6 | Avslutte kjøp av skuleplassar ved Kaland skule i Austrheim kommune (elevane går då inn på Lindås barneskule) | kr. 500 000 |
| | 7 | Flytte elevane frå Lindås ungdomsskule til Lindås barneskule | Kr. 9 300 000 |
| | 8a | Stramme inn tildeling til skular (H2024) deretter vidareføring for skular som ikkje er berørt av øvrige strukturtiltak - redusere til nivå for lærarnorm | Kr. 6 400 000 |
| | 8b | Stramme inn tildeling til skular som ikkje er berørt av strukturtiltak (lengre sikt) - redusere til nivå for lærarnorm | Kr. 10 400 000 |
| | | Totalt estimert innsparing | Kr. 58 900 000 |

**Alle tal er avrunda mot næraste hundre tusen.*

# PwC foreslår samanslåing av skular i geografisk nærleik

## Skular i Alver kommune

1 Knarvik barneskule
2 Knarvik ungdomsskule

3 Sagstad skule
4 Meland ungdomsskule

5 Vestbygd skule

6 Grasdal skule

7 Alversund skule

8 Leiknes skule

9 Rossland barneskule
10 Rossland ungdomsskule

11 Sæbø skule

12 Seim skule

13 Eikanger skule

14 Manger skule
15 Radøy ungdomsskule

16 Ostereidet barneskule
17 Ostereidet ungdomsskule

18 Kløvheim skule

19 Hordabø skule

20 Austebygd skule

21 Myking skule

22 Lindås barneskule
23 Lindås ungdomsskule



# Med tiltaka ønsker ein å oppnå kostnadsinnsparingar, men også fordelar knytt til kvalitet og større fag- og skulemiljø

**Strukturtiltaka skal bidra til eit økonomisk berekraftig og godt utdanningstilbod for elevane i Alver i mange år framover**

- Ved å slå saman skular kan ein oppnå bemanningsynergiar
- Ved å slå saman skular kan ein utnytte byggmasse betre og redusere driftskostnader til bygg
- Ved å slå saman skular kan ein redusere vedlikeholdsetterslep og naudsynte investeringar. Ein kan konsentrere seg om opprusting av færre bygningar
- Ved å redusere framtidig investeringsbehov reduserer ein også framtidige kapitalkostnader (renter og avdrag)

**I tillegg til auka økonomisk berekraft kan ein oppnå fleire kvalitetmessige fordelar ved skulesamanslåingar**

- Forskning* oppsummerer med at "ideell skulestørrelse ligg på mellom 500-700 elevar for barneskular"
- Større fagmiljø og betre rekruttering av kompetanse* og meir tilgong til andre tenester som skulehelsetenesta
- Større sosialt miljø for elevane

**Det vil ikkje vere mogleg å oppnå nødvendige innsparingar utan stukturtiltak**

**Nordahl, Thomas (17. mars 2022). Skolestørrelse og sammenhenger med elevenes trivsel og læring, Senter for Praksisrettet Utdanningsforskning, Høgskolen i Innlandet, Skriftserien 9 - 2022*

# Foreslåtte strukturtiltak vil redusere antal små skular i Alver og auke utnytting av eksisterande byggmasse

## UTAN FORESLÅTTE STRUKTURTILTAK

Alver kommune har i dag mange små skular, og mykje tilgjengeleg kapasitet i skulebygga. Det er i dag ***22*** grunnskular i Alver. Slik er det dyrt å driva.

Skulestørrelse i Alver vs. gjennomsnitt for Noreg

| | 0-99 elevar | 100-299 elevar | Over 300 elevar |
|---|---|---|---|
| Noreg (2023) | 26.8% | 40.3% | 32.0% |
| **Alver kommune (23/24)** | 36.4% | **50%** | **13.6%** |

Ledig kapasitet i skulebygga




## MED FORESLÅTTE STRUKTURTILTAK

Om ein vel å innføra foreslåtte tiltak vil ein kunne redusere investerings-, bemannings- og driftskostnader til bygg, og samtidig utnytte eksisterande byggmasse betre. Samla vil alle strukturtiltaka gi Alver ***16*** grunnskular.

Skulestørrelse vs. gjennomsnitt for Norge

| | 0-99 elevar | 100-299 elevar | Over 300 elevar |
|---|---|---|---|
| Noreg (2023) | 26.8% | 40.3% | 32.0% |
| **Alver kommune (23/24)** | **6%** | **69%** | **25%** |

Ledig kapasitet i skulebygga



# Foreslåtte tiltak kan spare Alver for investeringar til vedlikehald av bygg, og slik også redusere framtidige kapitalkostnader

### UTAN FORESLÅTTE STRUKTURTILTAK

Alver kommune står i dag ovanfor eit enormt vedlikehaldsetterslep, som vil krevje store investeringar i åra framover.

| Vedlikehaldsetterslep | Auke i årlege kapitalkostnader |
|---|---|
| **864 MNOK** | **37,3 MNOK** |

Investeringsbehov (MNOK) per skule




### MED FORESLÅTTE STRUKTURTILTAK

Foreslåtte strukturendringar gir kraftig reduksjon i nødvendige innvesteringar, som gir store årlege innsparingar i renter og avdag

| | | *Årlege innsparingar* |
|---|---|---|
| Vedlikehaldsetterslep | **634 MNOK** | **-230 MNOK** *-27%* |
| Auke i årlege kapitalkostnader | **27,5 MNOK** | **-9,8 MNOK** *-26%* |

Investeringsbehov (MNOK) per skule




*Norconsult (april 2024). Barnehage- skulebruksplan Alver kommune - kunnskapsgrunnlag til kommunedelplan, s. 219-240*

# Foreslåtte tiltak reduserer og jevner ut gjennomsnittskostnaden per elev på dei ulike skulane

### UTAN FORESLÅTTE STRUKTURTILTAK

Det er i dag stor variasjon i snittkostnaden per elev mellom dei ulike skulane, der snittkostnaden på dei små skulane er høgst.

| Gjennomsnittskostnad per elev | Skulen med lågast snitt-kostnad per elev | Skulen med høgst snitt-kostnad per elev |
|---|---|---|
| **Kr. 130 000** | **kr. 99 000** | **kr 280 000** |

*Tallene er gjennomsnitt per elev eksklusiv skulebygg, FDV, skuleskyss og SFO*

**Avstand kr. 181 000**

Kostnader (TNOK) per elev




### MED FORESLÅTTE STRUKTURTILTAK

Foreslåtte strukturendringar tek unna "toppane" og jamnar ut snittkostnaden per elev på skulane. Dette bidrar til store innsparingar.

| Gjennomsnittskostnad per elev | Skulen med lågast snitt-kostnad per elev | Skulen med høgst snitt-kostnad per elev |
|---|---|---|
| **Kr. 121 000** | **Kr. 86 000** | **Kr. 207 000** |

*Tallene er gjennomsnitt per elev eksklusiv skulebygg, FDV, skuleskyss og SFO*

**Avstand kr. 121 000**

Kostnader (TNOK) per elev



# Kort om kvart tiltak

| | Foreslåtte tiltak | Beskriving |
|---|---|---|
| **1** | Flytte elevane frå Austebygd skule til Hordabø skule | Austebygd har 28 elevar fordelt på 3 klassar. Skulen har samtidig eit stort vedlikehaldsbehov. På Hordabø er det 98 elevar fordelt på 6 klassar, men skulen er i betre stand. Ved å flytte elevane frå Austebygd til Hordabø vil ein få ein fulldelt skule, bemanningssynergiar og eit vesentleg redusert investeringsbehov. Elevane vil få eit større sosialt miljø, og tilsette vil få eit større fagmiljø. |
| **2** | Flytte elevane frå Eikanger skule til Leknes skule | Eikanger har 75 elevar fordelt på 4 klassar. Skulen har samtidig eit stort vedlikehaldsbehov. Ved å flytte elevane frå Eikanger til Leiknes får alle elevane gå på ein fulldelt skule. Samtidig kan ein oppnå bemanningssynergiar og auka fleksibilitet med fleire parallellklassar per trinn. Ein reduserer vedlikshaldbehovet markant, elevane får eit større sosialt miljø, og tilsette eit større fagmiljø. |
| **3** | Flytte elevane frå Kløvheim skule til Ostereide barneskule | Kløvheim har 22 elevar fordelt på 3 klassar. Skulen har samtidig eit relativt stort vedlikehaldsbehov. På Ostereidet er det 93 elevar fordelt på 5 klassar. Ved å flytte elevane frå Kløvheim til Ostereidet vil ein få ein fulldelt skule. Samtidig kan ein oppnå bemanningssynergiar, redusert vedlikshaldbehov, større sosialt miljø for elevane og eit større fagmiljø for tilsette. |
| **4** | Flytte elevane frå Sæbø skule til Alversund skule | Sæbø har 94 elevar fordelt på 6 klassar. Ved å flytte elevane frå Sæbø til Alversund får alle gå på ein fulldelt skule. Ein kan oppnå bemanningssynergiar og auka fleksibilitet med fleire parallellklassar per trinn. Elevane får eit større sosialt miljø og tilsette eit større fagmiljø. Skulane er i god stand og ein må derfor finne ein eigna måte å bruke Sæbø-bygget på (t.d. Sæbø barnehage) |
| **5** | Flytte elevane frå Myking skule til Lindås barneskule | Myking har 70 elevar fordelt på 4 klassar. Skulen har også eit stort vedlikehaldsbehov. Ved å flytte elevane frå Myking til Lindås barneskule vil alle elevane gå på ein fulldelt skule. Ein kan oppnå bemanningssynergiar og auka fleksibilitet ved fleire paralellklassar per trinn. Elevane får eit større sosialt miljø, tilsette eit større fagmiljø, i tillegg til at ein reduserer investeringsbehovet vesentleg. |
| **6** | Avslutte kjøp av skuleplassar ved Kaland skule i Austrheim kommune | Barneskuleelevar frå tidlegare Åsheim skulekrins har etter avtale mellom Alver og Austrheim kommune tilbod om barneskuleplass på Kaland skule. For inneverande skuleår gjeld dette 10 elevar, ekslusiv skuleskyss. Alver kommune har plass på Lindås barneskule til desse ti elevane. Elevane i denne avtalen går på skifter frå barnskulen til ungdomsskole på Lindås Ungdomsskule. |
| **7** | Flytte elevane frå Lindås ungdomsskule til Lindås barneskule | Lindås ungdomsskule har eit massivt vedlikeholdsbehov. Ved å flytte elevane inn på Lindås barneskule får ein eit større fag- og skulemiljø på Lindås. Det er ikkje estimert innsparingar knytt til bemanning på dette tiltaket, men stordriftsfordelar på bygg og drift, samt eit kraftig redusert investeringsbehov. |
| **8a** | Innstramming tildelingsmodell | For skuleåret 2024/2025 vart det tildelt 6,4 årsverk mindre til skulane som ikkje er berørt av PwC sine strukturtiltak (inkl. Lindås ungdomsskule). Dette gjev vesentlege innsparingar. |
| **8b** | Ytterlegare reduksjon av årsverk til lærarnorm | I følge GSI (inkl. Lindås ungdomsskule) er det etter innstramming i tildelingsmodellen framleis potensial for å redusere antall lærarårsverk ytterlegare. Ein har framleis 10,4 årsverk å spare dersom ein reduserer bemanninga til lærarnorm. Dette er gjev potensiale for innsparing. |

Tiltak 1

# Flytte elevane frå Austebygd til Hordabø skule










Austebygd Hordabø Samanslått

| **Totalt årleg innsparingspotensial** ***(medrekna framtidige kapitalkostnader)*** | | | | **Kr. 6 200 000** |
|---|---|---|---|---|
| **Reduksjon bemanningskostnader** | *Årsverk ord. undervisning 2,77* | *Årsverk admin. og leiing 1,0* | *Årsverk SFO 0,2* | Kr. 4 000 000 |
| **Reduksjon driftskostnader bygg** | | | | Kr. 1 200 000 |
| **Reduksjon i auka kapitalkostnader** | *Årlege kapitalkostnader utan tiltak 1 100 000* | *Årlege kapitalkostnader med tiltak 100 000* | | Kr. 1 000 000 |
| **Redusert investeringsbehov** | *Investeringsbehov utan tiltak 27 000 000* | *Investeringsbehov med tiltak 3 000 000* | | Kr. 24 000 000 |

**Berekningane legg til grunn at kommunen uansett vil gjennomføre alle nødvendige oppgraderingar (berekna av Norconsult) uavhengig av om ein slår saman skular eller ikkje. Alle tal er avrunda mot næraste hundre tusen.*

## Skulestørrelse

**Nytt antal elevar** 127

**Antal klassar** 7

## Kapasitetsutnytting bygg før og etter samanslåing



Tiltak 2

# Flytte elevane på Eikanger til Leiknes skule




| | | |
|---|---|---|
| **Totalt årleg innsparingspotensial** ***(medrekna framtidige kapitalkostnader)*** | | **Kr. 6 400 000** |
| **Reduksjon bemanningskostnader** | *Årsverk ord. undervisning 0,2* · *Årsverk admin. og leiing 1,0* · *Årsverk SFO 0,3* | Kr. 1 500 000 |
| **Reduksjon driftskostnader bygg** | | Kr. 2 000 000 |
| **Reduksjon i auka kapitalkostnader** | *Årlege kapitalkostnader utan tiltak 3 100 000* · *Årlege kapitalkostnader med tiltak 200 000* | Kr. 2 900 000 |
